

Lurer du på noko kan du kontakte oss på telefon:

Avdeling: 70 10 59 50
Koordinering av time: 70 10 59 54
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Pasientinformasjon

Utskraping

Utskraping

Informasjon til deg som skal / har vært til utskraping

Behandlinga

Utskraping er eit lite inngrep kor ein tar vevsprøvar frå livmor(hole og -hals) slimhinna. Mikroskopisk undersøking av prøven tek ca 1-2 veker. Når svaret er klart, vil vi sende brev til deg og din fastlege om resultatet, og gjev råd om eventuell vidare behandling eller kontroll.

Etter behandlinga

Vanlegvis er det ikkje naudsynt å vere sjukemeldt meir enn 1-3 dagar. Sjukemeldinga får du med deg når du reiser frå sjukehuset. Dersom du skulle ha behov for lengre sjukemelding, må du kontakte fastlegen din for dette.

Du må unngå karbad og samleie i minst 2 veker etter inngrepet på grunn av infeksjonsfaren.

Det er normalt med litt blodig utflod i 1- 2 veker etter inngrepet, og kanskje lett ubehag i magen første døgn. Dersom du skulle få vedvarande smerter, større bløding, illeluktande utflod eller feber, må du kontakte legen din.

Første menstruasjon etter ei utskraping er gjerne litt uregelmessig og kan vere litt annleis, ofte mindre enn vanleg.

